


# Lyd og ulyd

## Lær å lage instrument frå naturen!

### Blåse på strå

- Finn eit blad av eit gras som er litt breitt.
- Legg det stramt og loddrett mellom tommelfingrane (sjå skisse).
- Blås på bladet slik at det vibrerer og lagar lyd.



### Halmpipe

Dei går også an å lage pipelyd av store strå som til dømes halm.

- Plukk eit strå, og skjær eit lite snitt i sida på strået.
- Putt i munnen og blås!

### Bjørneskralle

Det var godt å ha ei bjørneskralle å bråke med når borna var åleine i skogen og var redde for bjørn.

Her kan du sjå ein modell av ei stor bjørneskralle som kan høyrast i fleire kilometer.

Den vesle skralla kan du prøve!

### Fløyte av kvann-, rabarbra eller sløkjestilk


Kvann, sløkje og rabarbra har blomar med tjukke, hole stikkar.

- Skjær av ein stilk like under eit "ledd," slik at den vert lukka i eine enden.
- Skjær ei spalte i sida av stilken, og blås i det opne røyret.

### Lur

Ein lur vert laga av bork, vanlegvis bjørk eller or.

- Skjær barken i spiral rundt treet der det er lite kvist. Emnet kan vere ca. 4 cm i tverrmål og 100-150 cm langt. Emnet bør bankast på før ein skreller av barken.
- Start i den tynne enden og rull ein lur. Opninga i blåseenden bør vere ca 8 mm.
- Stikk ein spiss pinne av einer gjennom luren framme for å halde den saman.
- Lag munnstykke av rognebork, 6-8 cm langt. Løys barken forsiktig, og klem den litt flat. Putt den inni opninga, og blås. Lyden på slike lurar kan bli svært høg!



### Løvetannblåse

Du kan også lage lyd ved å blåse på ein løvetannstilk. Klem den litt saman i eine enden og blås. Det smakar ikkje godt!

Sjå elles korleis fløyter vert laga på postane ved selja og rogn.

*Det vart sagt at slike lydar ofte skulle føre til regn og uvêr. Dette var nok berre noko dei vaksne skremde ungane med, fordi dei ville få borna til å slutte å lage plagsam lyd. No veit du det!*